



## Notat

Dato: 07.06.2017  
Arkivsak: 2017/3908-3  
Saksbehandlar: josfjer

---

Til: Fylkesutvalet

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### Svar på spørsmål - fylkeshuset og behov for totalrehabilitering

Sak PS 123/17 «Tertiarrapport pr. april 2017 - rekneskapsprognose» vart handsama av fylkesutvalet 23.05.2017, og Silje Hjeddal (FrP) stilte følgjande spørsmål:

1. Vil man f.eks. vurdere salg av eiendom, evt. leie av lokaliteter i fremtiden?
2. Hvilke ulike scenarier er det aktuelt for HFK å vurdere i det videre arbeidet?
3. Når kan fylkesutvalget forvente en orientering om videre prosess?

Det blei i sak PS 95/2015 «Årsbudsjett 2016 / økonomiplan 2016-2019» i Fylkestinget gjort følgjande vedtak:

#### Arealøkonomisering

*Fylkestinget ber fylkesrådmannen setja i gang eit arbeid med arealøkonomisering av fylkesbygget og disponerte bygg i nærleiken. Gjennomgangen skal syna dagens husleigekostnad pr. avdeling og faktisk framtidig arealbehov for det enkelte tenesteområdet i fylkeskommunen.*

Fylkeshuset har også vesentlige tekniske manglar knytt til fleire forhold. Spesielt har utette fasadar, gammalt og därleg el-anlegg, energibruk og store variasjonar i innetemperatur vore krevjande. Bygget er i liten grad oppgradert frå det blei ferdigstilt i 1974, har ein rigid struktur og gamle tekniske løysingar. Det er også vedtatt ein ny reguleringsplan for Fylkeshuset som tillet etablering av eit nytt tårn på 10 etasjar mot Åsegården.

For å løysa vedtaket om arealøkonomisering og dei bygningsmessige manglane, så har ein kome fram til at dette ikkje kan løysast i Fylkeshuset utan å gjennomføra ein totalrehabilitering. Eit nytt kontorbygg i Fylkeshuset eller i andre bygg vil utfordra organisasjonen både på arealbruk, samarbeidsformer og digitalisering. Det vil derfor bli starta opp eit arbeid etter sommarferien som har som mål å etablera eit framtidig kontorkonsept og andre føringar for kontorlokala til fylkesadministrasjonen. Desse føringane skal vera gjeldande om lokala blir i Fylkeshuset eller ikkje.

I dette arbeidet, så vil det bli vurdert om det er mest tenleg å leige kontorlokale. Det vil også bli vurdert kvar det er mest tenleg å ha kontora både ut frå økonomi og bruk. Dei aktuelle scenariene å vurdere er:

1. Auka vedlikehald av Fylkeshuset utan ombygging med avgrensa arealøkonomisering og fortsatt leige av lokalar i nærliken
2. Totalrehabiltiering og utviding av Fylkeshuset i eigenregi
3. Sal av Fylkeshuset inkludert leigeavtale med fylkeskommunen – totalrehabilitering/utviding av ny eigar
4. Sal av Fylkeshuset og leige av kontorlokale i eit område med lågare leigepriser

Ein vil komma attende med ei orientering om prosessen og framdrifta i sak i fylkesutvalet 20.september 2017.